



Arkivnr: 2014/13889-118

Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		27.11.2018

Kriterium for tilskotsordning "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement"

Samandrag

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) har i fleire år gitt tilskot til lokale trafikksikringsarrangement. For 2018 er det sett av 600.000 kr til tilskotsordninga. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at FTU skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Fylkesrådmannen ser eit behov for å konkretisere kriteria for tilskotsordninga for å sikre likebehandling av søkjarane, og sikre god informasjon til alle aktuelle søkjarar.

Økonomi: Fastsetting av kriterium for tilskotsordninga har ingen effekt på økonomien. Løyvingar frå ordninga er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

Klima: Fastsetting av kriteria har ingen effekt på klimaet. Sjølvje tilskotsordninga kan ha ein indirekte påverknad, gjennom å støtta arrangement som oppmodar til meir sykling og gåing.

Folkehelse: Same som for «Klima».

Regional planstrategi: Mål og strategiar i Regional planstrategi er ikkje relevant for fastsetting av kriterium for tilskotsordninga. Sjølvje tilskotsordninga kan bidra til å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavennlege transportformer, gjennom satsing på trafikkkunnskap, trygg ferdsle i trafikken og anna tilrettelegging for fysisk aktivitet frå ung alder.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet slutter seg til retningslinjene for tilskot til lokale trafikksikringsarrangement og endring av søknadsfristar slik dei ligg føre i saksutgreiinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere språklege endringar i føreslåtte kriterium for tilskotsordninga, om erfaringane viser eit behov for å tydeleggjere kriteria ytterlegare. Endringane skal ikkje bryte med intensjonen til føreslåtte kriterium eller gjeldande praksis for tildeling frå tilskotsordninga.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.11.2018

Bakgrunn for ordninga

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) har i fleire år gitt tilskot til lokale trafikksikringsarrangement. For 2018 er det sett av 600.000 kr til tilskotsordninga. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at FTU skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

FTU har tre særskilte satsingsområde som er forankra i investeringsprogrammet for fylkesvegnettet

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkjøringsulukker utanfor tettbygde strom
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Søklarar må opplyse om kva for eit av dei tre satsingsområda arrangementet treff.

Kriterium for tildeling av midlar frå ordninga «tilskot til lokale trafikksikringsarrangement»

- Ved tildeling vert trafikkfagleg kvalitet og kor sentralt haldningsskapande trafikksikringsarbeid står i arrangementet vektlagt.
- Kor godt arrangementet treff fylkestrafikksikringsutvalet sine tre satsingsområde vert vektlagt.
- Kor breitt eit arrangement når ut, vil verte vurdert opp mot storleiken på søknadssummen.
- Arrangementet skal finne stad i Hordaland.
- Tilskot kan ikkje nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter.
- Det er krav til eigendel på minimum 25 prosent dersom kostnaden til arrangementet overstig 30 000 kr.
- Det er mogleg å søke midlar til arrangement som vert gjennomført før sak om tildeling vert handsama politisk.
- Tilskotsmottakarar skal rapportere på bruken av midlane.
- Det vert tatt atterhald om at fylkesrevisjonen kan setje i verk kontroll med at tilskotet er nytta slik det var føresett.
- Dersom tilskotsmottakar gjev misvisande opplysningar eller ikkje brukar tilskotet i samsvar med vilkåra vil tilskotet verte avkorta/inndrage.

Dei konsultative medlemmene i FTU utarbeidar forslag til prioritering av tiltak. Saka vert deretter lagt fram for FTU. På bakgrunn av vedtaket i FTU sender fylkeskommunen brev om tilsegn om tilskot til dei aktuelle kommunane.

Kven kan søkje

Alle kommunar, skular, barnehagar, lag, foreiningar og organisasjonar i Hordaland kan søke om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen ser det som hensiktsmessig å endre søknadsfristar for tildelingar frå tilskotsordninga for 2019. I 2018 har søknadsfristane vore sett til 1. januar, 1. mai og 1. november. Fylkesrådmannen tilrår at fristane blir sett til 15. januar, 1. mai og 1. september. Søknadsfristen 1. januar er upraktisk då den ligg i enden av jule- og nyttårsferien. Til fristen i november har det – også tidlegare år - vore få søklarar. Novemberfristen gir også kort tid til gjennomføring av arrangement og rapportering innan årsslutt. Ein søknadsfrist 1. september vil betre fange opp reflekskampanjar, sykkelaksjonar og anna som finn stad på hausten.

Fylkesrådmannen vil be om fullmakt til å gjere språklege endringar i føreslåtte kriterium for tilskotsordninga, om erfaringane viser eit behov for å tydeleggjere kriteria ytterlegare. Endringane skal ikkje bryte med intensjonen til føreslåtte kriterium eller gjeldande praksis for tildeling frå tilskotsordninga.